

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 19.08.2014

**Natalie Golis** (MDG) sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. 1  
Hordaland fylkeskommune rår ifrå utbygging av Sandelva kraftverk»

**Marianne S. Bjorøy** (A) sette fram slikt forslag på vegner av Ap og MDG:

«Jarlshaug kraftverk:  
Hordaland fylkeskommune rår ifrå utbygging av Jarlshaug kraftverk, grunnet inngrep i verna vassdrag»

**Gunnar Bakke** (Frp) sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Dukebotn kraftverk i Samnanger kommune. Evt. konsekvensutgreiing må innarbeidast i saka. Hordaland fylkeskommune ber utbyggar imøtekomme krav om ikkje å byggje veg og kraftlinjer i området»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (MDG) for Golis sitt forslag

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (Ap, MDG) for Bjorøy sitt forslag

Bakke sitt endringsforslag vart vedteke med 7 røyster (H, Frp og V)

### Innstilling

Sandelva kraftverk:

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sandelva kraftverk, men rår ifrå å gje konsesjon før ei grundig undersøking er gjort med omsyn til laks og sjøaure.
2. Søkar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd.
3. Av omsyn til fisk og andre vasslevande organismar må forbisleppingsventil vurderast.
4. Det bør fokuserast på å få anlagt kraftstasjon nærast mogeleg turbrua som kryssar elva, og å sleppe ut vatnet direkte bak stasjon.
5. Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene. Under anleggsarbeidet skal det vere fokus på å unngå inngrep utover dei areal der inngrepa er uunngåelege. Ein må vise varsemd ved utbygging oppstraums lakseførande strekning.
6. Habitatet i og ved elv og elveutlaup nedstraums kraftstasjonen bør takast vare på.
7. Tiltaket skal ikkje svekke friluftslivkvalitetar i området nemneverdig.
8. Ein må vurdere høgare minstevassføring med omsyn til elva som sentralt landskapselement og stad for friluftsliv og rekreasjon. Høgare minstevassføring kan også vere viktig med omsyn til biologisk mangfald, spesielt moseartar, karsporeplantar og virvellause dyr.
9. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast.

Jarlshaug kraftverk:

10. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Jarlshaug Kraftverk.
11. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
12. Forholdet til freda kulturminne nær tiltaksområde må avklarast før iverksetjing av tiltak og desse må merkast godt under anleggsarbeidet slik at dei ikkje vert skadde.
13. Jarlandselva ligg i eit verna vassdrag. Det er særskilt viktig at planlagt installasjon til eit eventuelt kraftverk ikkje overstig 999 kW.
14. Det skal leggast stor vekt på tilstrekkeleg minstevassføring.
15. Vassleppet frå stasjonen må etablerast slik at tilhøva for fisk i kulpen/djupålen ikkje vert svekka.

16. Av omsyn til fisk og andre vasslevande organismar må forbisleppingsventil vurderast.
17. Det er særst viktig at ikkje avlaupet frå kraftstasjon, eller anna inngrep, kjem i konflikt med lakseførande elv.
18. For å redusere negative effektar på landskapskvalitetane, naturtypar og enkeltståande objekt, må det takast omsyn til dette under stikking av vassveg.
19. Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene. Under anleggsarbeidet skal det vere fokus på å unngå inngrep utover dei areal der inngrepa er uunngåelege.
20. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast.

Dukebotn kraftverk:

21. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Dukebotn kraftverk i Samnanger kommune. Evt. konsekvensutgreiing må innarbeidast i saka. Hordaland fylkeskommune ber utbygger imøtekomme krav om ikkje å byggje veg og kraftlinjer i området.